

Innspel til arbeidet med vegkart for hydrogen.

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er ein regional kraftprodusent av fornybar energi. SKL har eigarskap til om lag 2,7 TWh med vasskraft og er om lag Norges tiande største vasskraftprodusent. Vi har dobla vasskraftproduksjonen sidan år 2000, og har for tida 100 GWh under bygging.

Hydrogen er både energiberar og energilagring. Hydrogen produsert av rein vasskraft kan derfor sikra fornybar energi til forbruk som i dag er dominert av fossil energi og store CO₂ utslepp, (t.d transportsektor og industriprosessar). Ein slik overgang er viktig for å nå målet om Norge som eit fornybart samfunn.

Interessen er stor både for å produsere og bruke hydrogen, men ei hovudutfordring er likevel at både tilbod og etterspørsel er låg. Det er ein «høna og egget»-problemstilling der ein treng volum for å få fart på omstillinga.

Vi meiner det er naudsynt med konkrete målsetningar på kor mykje forbruk Norge skal ha knytt til bruk av Hydrogen i Norge. Deretter bør ein leggja til rette for å bruka innkjøpsmakta som stat, fylke og kommunar har for å dekkja den målsetjinga ein har sett seg. Målsetjinga må vera konkret.

Vidare er det avgjerande at verkemiddelapparatet vert styrkja slik at dei beste prosjekta får støtte, slik at me når målsetjinga.

På denne måten er staten med på å få i gang ein marknad som etter ei stund vil auka i volum og klara seg sjølv.